

Årsmelding for 2023

Kvam Næringsråd skal bidra til ei nærings- og samfunnsutvikling i Kvam som gjev gode tilhøve for å drive næring, og vere ein relevant samfunnsaktør i lokalsamfunnet.

Styremøte og medlemsutvikling i 2023.

Det er halde 5 styremøte og handsama 57 saker i 2023.
Medlemstalet pr. 31.12.2023 er 95, ein nedgang på 5 frå 2022.

Tillitsvalde i Kvam Næringsråd etter årsmøtet 15. mars 2023:

Styreleiar Tone Søgaard

Nestleiar Lars Kristian Bu

Styremedlemer: Solveig Botnen, Ingunn Bjørke, Bjørn B. Pedersen

Varamedlemer: 1.vara Elisabet Janssen 2. vara Jahn Brattli Tolo

Revisor: Jon Magnar Neteland

Drift og administrasjon

Hans Jørgen Andersen har vore engasjert i 40% stilling som dagleg leiar.

Det er utarbeida eit strategidokument for Kvam Næringsråd i 2022 som og gjeld for 2023

Strategi for Kvam Næringsråd 2023-2025

Nettverk for næringslivet



Kvam Næringsråd skal bidra til ei nærings- og samfunnsutvikling i Kvam som gjev gode tilhøve for å drive næring, og vere ein relevant samfunnsaktør.

FOKUSOMRÅDE			
Ein synleg og nyttig næringsorganisasjon for alle verksemder i Kvam	Påverke rammevilkår for næringsliv i Kvam	Leggje til rette for rekruttering av kompetent arbeidskraft	Bidra i samfunns- og næringssutvikling
VERKEMIDDEL OG TILTAK			
Ein møteplass med attraktive arrangement og gode nettverk <input checked="" type="checkbox"/> medlemsmøte <input checked="" type="checkbox"/> frukostmøte <input checked="" type="checkbox"/> Kvam U40 <input checked="" type="checkbox"/> informasjonsdeling <input checked="" type="checkbox"/> vurdere konferanse	Vere ein representant for næringslivet og påverke prosessar som gjev rammevilkår for næringssutvikling i Kvam <input checked="" type="checkbox"/> høyringsinstans <input checked="" type="checkbox"/> talerer i næringsslivet i politiske saker Samferdsel <input checked="" type="checkbox"/> Hordaland-diagonalen E134-Bergen <input checked="" type="checkbox"/> tunnel under Kvamskogen	Relevant utdanningstilbod i regionen Samarbeid med utdanningsaktørane <input checked="" type="checkbox"/> Handlag opplæringskontor <input checked="" type="checkbox"/> Kvam vgs <input checked="" type="checkbox"/> Vestland fylkeskommune <input checked="" type="checkbox"/> Hardangerrådet Samarbeid med trainee-ordningar <input checked="" type="checkbox"/> få traineear til Kvam gjennom Framtidsfylket og Trainee Vest	Kople ressursmiljø saman med medlemsverksemder <input checked="" type="checkbox"/> utvikle nettverk med eksterne aktørar Synleggjere Kvam som ein interessant by- og arbeidsregion <input checked="" type="checkbox"/> få inn saker om Kvam i regionale og nasjonale media Få fram kunnskap om næringsslivets betydning for lokalsamfunna i Kvam <input checked="" type="checkbox"/> saker om næringsslivet i media <input checked="" type="checkbox"/> kople på akademia
Avklara forhold til andre aktørar <input checked="" type="checkbox"/> godt samarbeid med andre	Kraft <input checked="" type="checkbox"/> ta tak i utfordringar knytt til kraft	Samarbeid med Kvam herad <input checked="" type="checkbox"/> samarbeid næringsslivet og Kvam herad om rekrutteringsarbeid	Få fram kunnskap om næringsslivets betydning for lokalsamfunna i Kvam <input checked="" type="checkbox"/> saker om næringsslivet i media <input checked="" type="checkbox"/> kople på akademia
Medlemsvekst <input checked="" type="checkbox"/> kontinuerleg rekrutteringsarbeid	Samarbeid med andre næringsråd <input checked="" type="checkbox"/> Næringsalliansen Vestland	Samarbeid med NAV <input checked="" type="checkbox"/> engasjere seg i samarbeidet mellom NAV og verksemndene	Marknadsføre lokale verksemder <input checked="" type="checkbox"/> marknadsføre medlemsverksemder i nettverket
Sunn økonomi og driftsbalanse <input checked="" type="checkbox"/> god økonomistyring <input checked="" type="checkbox"/> vurdere sponsorinntekter	I samarbeid med Kvam herad <input checked="" type="checkbox"/> bidra i arbeidet med rullering av kommunedelplan for næring <input checked="" type="checkbox"/> arbeide for å oppretthalde og skaffe nye statlege arbeidsplassar		
Stor nok organisasjon til å kunne arbeid profesjonelt <input checked="" type="checkbox"/> frå 40% til 100% stilling			
Utvikle og marknadsføre eigen organisasjon			

Kvam Næringsråd er ein medlemsstyrt interesseorganisasjon med årsmøtet som øvste organ. Årsmøtet vel styre.

23.11.22

Økonomi.

Rekneskapen for 2023 syner eit underskot på kr 23.010.

Kvam Næringsråd hadde kr 207.573 på bankkonto pr 31. desember 2023.

Samla godtgjersle inkl. sosiale utgifter til dagleg leiar i 2023 er kr 330.000.

Samla godtgjersle til styreleieing i 2023 er kr 30.000,-

KNR har motteke kr 40.000 i driftstilskot og 60.000 i prosjekttildskot til Unge hardingar frå Kvam herad i 2023.

Medlemsmøte

Me har kome i gang igjen med frukostmøte og medlemsmøte etter at pandemien har gått over i historia.

47 verksemder har vore til stades med ein eller fleire deltakarar på anten frukostmøte eller medlemsmøte. Til saman har det vore 142 deltakarar på desse møta med totalt 25 innleiarar.

Frukostmøte og medlemsmøte:

24. januar	Reiselivsmøte	Visit Hardangerfjord og Folgefondni breførarlag
2. februar	Energiøkonomisering	Kvam herad og Enova
15. mars	KVU E134 arm til Bergen	Informasjon frå Statens vegvesen
5. mai	Frukostmøte med Hardangerfjord Hotel, Hardangerbadet og Helse i Hardanger.	
1. juni	Hardanger Hydrogen Hub, Tizir og Boliden, samarbeid med Hardanger Industri (HI)	
17. august	Oppstart planarbeid tunell under Kvamskogen, samarbeid med Vestland fylkesk.	
3. oktober	Frukostmøte med Ryger Advokatfirma	
1. november	KVU E134 arm til Bergen	presentasjon av ferdig KVU v/Statens vegvesen, med HI.
24.november	Kommunale innkjøp	samarbeid med næringslaga i Norheimsund og Øystese.

Arrangement der andre var hovudarrangør:

12. januar	Husbanken og utbyggjarar	Etter initiativ frå, og i samarbeid med Kvam herad
12.april	Katarina Lalander Hamnes	samarbeid med næringslaga i Norheimsund og Øystese
20.april	Kari Heggholmen	Hardanger Salongkultur arrangerte, Kvam Næringsråd og andre var samarbeidspartnarar.

Prosjektarbeid.

I 2022 fekk Kvam Næringsråd tilsegn om stønad frå Kvam herad v/Kraftfondet til oppstart av Kvam U40 – pilotprosjekt. I løpet av 2023 vart det arrangert 4 samlingar, det er etablert ei prosjektgruppe og det er søkt om midlar frå Kraftfondet for drift i 2024. Målet er mellom anna å skape eit nettverk og ein møteplass for unge samfunnsinteresserte under 40 år. Til saman var det 71 deltakarar på arrangementa i 2023.

Prosjektgruppa har bestått av:

Arild Kvitingen, Iverk

Rune Gangstø, Fusit Data & Teknologi

Runa Kvamme Ekrem, Kvam herad

Elisabet Janssen, Sjøtunet

Tove Botnen, Opinion

Undervegs har prosjektet skifta namn frå «Kvam U40» til «Unge hardingar».

KVAM U40 – VIL DU VERE MED?

Kvam Næringsråd inviterer til oppstartsmøte

TORSDAG 11. MAI KL. 19:00
Skummesalen – Mathuset i Øystese

Kvam Næringsråd ynskjer å skape til eit forum som kan styrke kontakten mellom dei under 40 som vil vere med å skape framtida i Kvam. Me ynskjer å lage til ein møteplass etter modell fra andre næringsorganisasjonar, og inviterer til eit oppstartsmøte.

Vona er å skape ein inspirerande og nyttig møteplass. Me er på leit etter deg som vil vere med. Det er og ledige plassar i prosjektgruppa som skal skipast.

Ta kontakt om du har spørsmål!

Kvam Næringsråd v/Hans Jørgen Andersen 411 61 187

Påmelding til post@kvamnet.no innan 10. mai

Vel møtt!

Kvam herad v/kraftfondet står arbeidet med Kvam U40

KVAM U40 – VIL DU VERE MED?

Kvam Næringsråd inviterer til skipingsmøte

TORSDAG 8. JUNI KL. 20:00
Skummesalen – Mathuset i Øystese

Kvam Næringsråd ynskjer å skape til eit forum som kan styrke kontakten mellom dei under 40 som vil vere med å skape framtida i Kvam.

- Bli kjent med Hardanger Bryggeri – open pub
- Om planane for nytt idrettsanlegg i Busdalen
- Skiping av prosjektgruppe for Kvam U40

Vona er å skape ein inspirerande og nyttig møteplass. Me er på leit etter deg som vil vere med.

Ta kontakt om du har spørsmål!

Kvam Næringsråd v/Hans Jørgen Andersen 411 61 187

Påmelding til post@kvamnr.no innan 7. juni

Vel møtt!

Kvam herad v/kraftfondet står arbeidet med Kvam U40

14

THURSDAY, SEPTEMBER 14, 2023 AT 7:30 PM

Ung og smakfull: temakveld om lokal mat og drikke

Hardangerfjord Hotel



UNGE HARDINGAR
YNSKJER VELKOMEN TIL
**Lokal
mat og drikke**

Arrangement for unge
eller delvis unge i Hardanger

14. september kl 19:30

Hardangerfjord Hotel
Øystese



UNGE HARDINGAR
YNSKJER VELKOMEN TIL
**Frå søppel til skatt –
GJENBRUK i praksis**

Arrangement for unge
eller delvis unge i Hardanger

23. november kl.19:30

Hardanger fartøyvernssenter
Norheimsund

TOMORROW AT 7:30 PM
Temakveld: Frå søppel til skatt - GJENBRUK i praksis
Hardanger fartøyvernssenter
4 Going · 33 Interested

Samarbeid med andre

Døme på samarbeid med andre organisasjonar og strukturar kring oss i løpet av året:

Kvam herad (politisk/administrativt) har invitert KNR til faste møte i 2022 saman med Handalag Opplæringskontor og Hardanger og Voss Næringshage. Det har vore eit ynskje frå alle partar om å halde fram med desse møta, men dei vart diverre ikkje gjennomførde i 2023. Dagleg leiar vart intervjua og var med på workshop i samband med utarbeiding av rapporten «Kvam herads næringsutvikling». Dagleg leiar var invitert med på diskusjonar kring bruken av «reiselivsmillionen» som Kvam heradsstyre løvvde. KNR har informert alle medlemsverksemndene om den kommunale stønadsordninga for høge straumutgifter i 2023.

Øystese Næringslag og Norheimsund Næringslag – Kvam næringsråd har jamleg kontakt med næringslag og me har samarbeida om fleire tiltak.

FORREGION Vestland skal gjennom bruk av forsking bidra til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling i bedrifter gjennom bruk av forsking. Dette er del av fylkeskommunen si langsiktige satsing på mobilisering til forsking.

Verkemidlar:

- Forprosjekt
- Forskar til låns
- Opphald i ein forskingsorganisasjon
- FoU-møte

KNR har ikkje hatt aktivitet knytt til FORREGION Vestland i 2023, men tek det opp att i 2024.

Årsmelding 2023

Framtidsfylket AS har mellom anna tilbod om trainee-program for bachelor- og masterkandidatar. Det er sendt ut informasjon om tilboda til medlemsverksemder som truleg kunne tilsett trainee(ar), men me har ikkje lukkast å få nokon verksemder i Kvam til å bli med på programmet.

NRK er ei viktig kjelde til kunnskap om kva som føregår i landet vårt. KNR ynskjer at NRK lager reportasjar frå Kvam som skaper merksemd og kjennskap til Kvam. KNR har freista å spele inn saker i 2023, men har ikkje lukkast med å få til reportasjar.

Invest in Bergen. KNR arbeider for at Kvam herad skal verte medlem i Invest in Bergen. Eit slikt medlemskap har ingen garantiar, en om ein lukkast med arbeidet kan det føre til at utanlandske verksemder etablerer seg i Kvam.

Hardanger og Voss Næringshage, har hatt jamleg kontakt gjennom året, og deler mellom anna informasjon om arrangement og kurs.

Næringsalliansen Vestland, sjå eige punkt.

Vervearbeid

Styret og administrasjonen samarbeider om vervearbeidet.

Informasjonsdeling

I løpet av året er det jamleg sendt ut informasjon til medlemsverksemndene om kurstilbod, konferansar, karrieremesser, informasjon frå fylket og heradet til næringsliv m.m.

Uttalar om planar o.a. til heradet, fylke og stat frå KNR

31. august, høyringsuttale til Vestland fylkeskommune i samband med oppstart av arbeidet med reguleringsplan fv 49 Steinsdalen – Eikedalen (tunell under Kvamskogen).

19. desember, høyringsuttale i lag med Hardanger Industri til Statens vegvesen om Konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen.

Næringsalliansen Vestland.

Næringsalliansen Vestland vart stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 17 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket. KNR har delteke på eitt (av to) fysiske møte og på to Teams-møte med Næringsalliansen i løpet av 2023.

Fjordtinget i regi av Lingalaks i samarbeid med Bergen Næringsråd gjekk av stabelen 23.mai i Øystese. Næringsalliansen har laga fleire nettbaserte undersøkingar i løpet av året, som KNR har sendt vidare til våre medlemmer.

Næringsalliansen Vestland har engasjert seg i fleire sakar i løpet av året, to døme på dette:

- I april skreiv Næringsalliansen Vestland eit ope brev til stortingsrepresentantane frå alle vestlandsfylka. Temaet var framlegg til endringar i opplæringslova. Endringane ville særleg gå utover opplæringskontora, som har viktige oppgåver knytt til lærlingordningar og rekruttering av arbeidskraft. Eit fleirtal på Stortinget såg til at endringane ikkje vart gjennomført.

- I september vart det send ut ei pressemelding om innhaldet i den politiske plattforma til fleirtalspartia i Vestland fylke. Det vart her særleg uttrykt kritikk mot manglende satsing på samferdsle og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Årets verksemد i 2022.

Jarle Tveiten Transport AS fekk si utmerking på årsmøtet til Kvam Næringsråd den 15. mars 2023. Kostnaden med gav til mottakaren vart støtta med kr 5.000 frå Sparebanken Vest.

Synleg i lokalpressa

HF 17.mars. Presentasjon av Jarle Tveiten AS som årets verksemد i Kvam, basert på pressemelding HF 16.juni. Kronikk om framtidstrua i næringslivet – basert på spørjeundersøking, Næringsalliansen Vestland.

HF 19.desember. Kronikk saman med Norheimsund Næringslag og Øystese Næringslag om rapporten Kvam herad har fått utarbeida– «Kvam herads næringsutvikling».

Internmarknadsføring av verksemder

Det er sendt ut informasjon om to medlemsverksemder til alle medlemsverksemndene. Dette er eit ope tilbod som alle medlemsverksemder kan nytte.

Reiseliv

Visitkvam.no vart lagt ned 31.12.23. Det er lagt ned eit omfattande arbeid i å presentere Kvam på www.hardangerfjord.com/kvam, og mykje av det er finansiert av «reiselivsmillionen» som Kvam heradsstyre løyvde våren 2023. Denne løysinga har ei lang rekke føremoner i høve visitkvam.no, og er eit løft for marknadsføringa av reiselivet i Kvam.

Norheimsund 12. februar 2024.

Tone Søgaard – styreleiar /s/

Lars Kristian Bu - nestleiar /s/

Ingunn Bjørke - styremedlem /s/

Bjørn B. Pedersen – styremedlem /s/

Solveig Botnen - styremedlem /s/

Hans Jørgen Andersen – dagleg leiar /s/